

Fabel

Gåsa, katten og hanen var leie av liver her.
No ville dei ut i verda, og freiste si lukke der.

Her går vi på bondebygda som åte for rev og ramn.
Nei, nå er det andre tider hjå kongen i Kjøpenhamn.

So luffa dei gjennom Skåne og lydde på messa i Lund.
Og gåsa ferja dei over til Kronborg ved Øresund.

Tidleg ein måndags morgon nådde dei kongens by.
Lerka song over Skjælland Og hanefar gol mot sky.

Dei spurde seg fram til slottet, og vakta gjorde honnør.
So skulle dei syne kongen, kva kunster dei kunne frå før.

Katten var fyrst i elden og katten fekk løn for strev
"Kongeleg musefangar" det stod på hans embetsbrev.

Gåse var overkokke, og var som eit syn å sjå.
I nystiva blondkappe, med kongens våpen på.

Men hanen kom høgst i korga, og skikka seg bra, får vi tru.
for han skulle vekke kongen, presis klokka fem på sju.

No levde dei høgt i ære, Som her gjekk i armod og sut.
Ja, slik kan det gå her i verda, Når berre ein stakkar kjem ut.

Men nå skal det bli rop i bydga, når ein gong dei tre kjem att.
Nei, maken til makelaus hane, og maken til gås og katt.